

Høringsuttalelse om endringar i utlendingslov/utlendingsforskrift og heva botid for permanent oppholdsløyve

Svært alvorlig skandale under oppseiling, i regi av dette angstbiterske, juridiske regime i regjeringa, alle skal stemples kriminelle!

Rasisme satt i system

Nå er høringsutkastet frå denne særleg omstridte, såkalte justisminister Anders Anundsen svært uklart, slik ein kan vente, når ein helst vil ha så lite respons som mulig, utkastet så dårlig disponert og vanskelig å lese at ein trenger stor mental kapasitet for å greie å sortere og manøvrere i det, om kva som er aktuelt og kva som bare er meint for kriminelle, som det aller meste i utkastet dreier seg om. Derfor er menneskelige hensyn framleis fullstendig fråverande. Trass alt er vi svært mange lovydige som bare er glade i kvarandre, men det sitter langt inne hos norske myndighetsinstansar. Vi er "den lille mann" som bare må finne oss i all denne kriminalitetsfiksering, kaldt og utan ein human tanke. Derfor trengs åtte månaders behandlingstid på ei rein referatsak, som fører til at Jarinah, når ho skal kjøpe returbillett frå Malaysia, bare kan få tur-retur på turistvisum (tre md.). Det må kunne gå greit å sortere ut den ærlige 80-%en, frå den kriminelle 20-%en.

Når det nå skal gjeres endringar i lov og forskrift, er det svært viktig at eit nytt prinsipp innføres og blir lagt vekt på, menneskelige hensyn og humanitet, gjerne rubrisert som unntak. Lov/forskrift er utforma slik at alle i utgangspunktet antas å vere uhederlige eller kriminelle. Kravet om utvida botid vil ramme slike som kona mi, Jarinah, knallhardt, og med nær familie i Malaysia aldri kunne få permanent oppholdsløyve.

Ho blei enke i Malaysia i 1995, med fem barn, til dels mindreårige. Familien var fattig, men greidde seg. Når så mannen døde, blei det svært vanskelig for Jarinah. Eg lærte familien å kjenne allerede i 1991 og var frå tid til annen på besøk i heimen, hjelpte litt med økonomisk støtte, spesielt etter at mannen døde. Eg hadde i mange år ein jobb med hotell i Singapore og Penang/Malaysia, vennskapet med familien blomstra til gjensidig glede. Så inviterte eg Jarinah til å besøke meg i Norge i 2009, vi hadde lenge hatt eit godt øye til kvarandre, så ho ville gjerne komme igjen, to ganger i 2010 og tre i 2011. Eg var alltid to ganger i året i Penang. Så kom tida da ein i familien kasta fram ideen om å gifte seg, men svaret mitt var at det trengs ikkje, for i Norge er ektepar og samboarar likestilte. Men det stemte ikkje, ho som utlending frå eit land utafor EØS-området kunne etter norsk lov ikkje vere lenger enn turistvisum (tre md.) i Norge, gift eller ei. Altså blei det ekteskap 25. januar 2012, men kona kunne likevel ikkje vere anna enn turist på turistvisum i Norge, trass i at ho var svært lykkelig gift med ein norsk statsborgar.

Så var det altså dette noe merkelige at ho kunne søke familiegjening. Det trudde eg gjaldt for splitta forhold, at noen hadde gått frå kvarandre, og så ønska å forenes på ny. **Om det hadde vore utvida oppholdsløyve ut over turistvisum for statsborgarar utafor EØS-området, gift med norsk statsborgar, ville eg forstått. Dette bør bli ein ny, viktig paragraf.**

Kravet om prosentvis botid i Norge med meir enn 50 % for første og andre gangs søknad om oppholdsløyve er til å leve med. Men når dette kravet så plutselig auker til 75 % i gjennomsnitt for tre år, først opplyst ved tredje gangs søknad, som så vil gi permanent oppholdsløyve, er dette ein utpekulert måte å lure folk på, heilt bevisst regissert av myndighetene. Kravet om 75 % i gjennomsnitt for tre år ville vore til å leve med, om vi hadde fått vite om dette frå første stund, men når denne informasjonen først kjem etter tredje gangs søknad, blir det latterlig. Prosentatsen for Jarinachs opphold i Norge var 61,32 % i 2012, 63,41 % i 2013 og 51,83 % i 2014.

Som nevnt har Jarinah fem barn, men ho har også 13 barnebarn, noe som betyr at ho har hatt og framleis har eit naturleg behov for noen opphold i Malaysia, i samband med viktige markeringar, familiære og/eller religiøse. Når ho først reiser, kan ho jo ikkje returnere straks, av helsemessige grunnar heller ikkje å anbefale. Ho har også hatt noe gammal gjeld som ho har måtta jobbe for å få sletta. Om vi hadde visst om det, kunne ho klart å auke prosentatsane, men ho ville hatt store problem med å komme opp i 75 %.

Heilt umulig blir det når prosentatsen nå skal auker til 88 1/3 % (sju månader på fem år/60 månader), noe som konkret betyr at ho ikkje kan vere ute av Norge meir enn 35 dagar pr. år, reisene inkluderte. I praksis vil det seie nær null. Når ho i tillegg må dokumentere at ho er ein reser i norsk språk og samfunnskunnskap, kan ho aldri kvalifisere for permanent oppholdsløyve, noensinne, men det er kanskje også hensikten, å kaste barnet ut med badevatnet. Da vil oppholdet hennar i Norge få eit klart preg av fengselsopphold, der norske myndigheter vil nekte henne fysisk samvær med sine nære i Malaysia.

Å auke perioden for midlertidig oppholdsløyve frå tre enkeltår til fem vil medføre enda meir unødvendig byråkrati og auka problem og kostnader, gebyret nå 2500 kr pr. søknad, blir minimum 12 500 kr for fem. For slike som Jarinah og meg burde dei tre år heller reduseres. Eit spørsmål som ikkje er avklart i høringsutkastet, er om ny lov/forskrift skal ha tilbakevirkande kraft. Skal også den som har fått midlertidig oppholdsløyve ein eller fleire ganger etter gammal lov, underlegges ny lov i den vidare prosessen?

Vidare står det ingenting om behandlingstid, som for Jarinachs 3. gangs fornyingssøknad tok 8 (åtte) månader, . utan oppholdsløyvekort i seks (6) månader, noe som gjorde at ho ikkje hadde noe å vise for seg da ho skulle kjøpe tur-retur flybillett til Norge i Malaysia. Dermed kunne ho etter malaysisk lov bare få turistvisum (tre månader). Dette førte igjen til at hennar opphold i Malaysia blei lenger enn det ellers ville blitt med oppholdsløyvekort. Det er nemlig ikkje noen tvil om at oppholdsløyvet framleis gjelder, sjøl utan kort ho kan framleis jobbe i Norge, så sant søknad om fornying er reglementert registrert i søknadsportalen hos UDI, sjøl om gyldighetstida for sjølve kortet er gått ut. Kva med eit bekreftande brev som ho kan vise for seg ved flybillettkjøp i Malaysia? Aller helst bør nytt oppholdsløyvekort vere klart før det gamle går ut.

Konklusjonen er at ny utlendingslov og utlendingsforskrift i langt større grad også må kunne inkludere, ikkje utelukke. Slike tilfeller som Jarinah må ha rettferdig fokus på menneskelige hensyn og humanitet, slik at ærlige folk og ærlige forhold kan få eit verdig og anstendig liv, fritt for det overdrivne mistenkelighetens lys, som i utgangspunktet definerer alle som forbytarar/kriminelle. Erfaringa viser, slik det er dokumenter på baksida/neste side, ein lang og dyr byråkratisk straffeprosess, for så motvillig å finne ut at dette likevel ikkje stemmer.

Derfor er det så viktig med dette nye prinsipp som det må bli lagt vekt på, dei menneskelige hensyn og stor grad av humanitet, fjernt frå det mistenkelighetsfokus, som er mantra for norske, såkalte myndigheter. Vi føler oss heilt hjelpelause, ubetydelige småfolk som vi er, behandlingstid på åtte (8) md. rein trakassering. Kan vi ikkje kreve eit verdig og anstendig liv? Skal vi bare overlates til å leve i eit uvisst helvete?

kopi til dei politiske partia på Stortinget 0026 OSLO	NRK Brennpunkt Bjørnstjerne Bjørnsons plass 1 0340 OSLO	Norsk senter for menneskerettigheter postboks 6706 St. Olavs plass 0130 OSLO
UDI postboks 8108 dep 0032 OSLO	Aftenposten postboks 1 0051 OSLO	Norsk organisasjon for asylsøkere Torggata 22 0183 OSLO
Oslo politidistrikt postboks 8101 dep 0032 OSLO	Dagbladet postboks 1184 sentrum 0107 OSLO	Norsk innvandrarforum postboks 32 Romsås 0907 OSLO
Justis- og beredskapsdepartementet postboks 8005 dep 0030 OSLO	VG postboks 1185 sentrum 0107 OSLO	Utlendingsnemnda (UNE) postboks 8165 dep. 0034 OSLO
Likestillings- og diskrimineringsombudet postboks 8048 dep. 0031 OSLO	Politidirektoratet postboks 8051 dep 0031 OSLO	Mai-Britt Ørnes Selvbyggerv. 127 0591 OSLO

Litt historikk til slutt kan vere på sin plass.

25/1-2012	inngått ekteskap i Oslo rådhus
21/9-2012	innvilga midlertidig oppholdsløyve for 1 (eitt) år, til 21/9-2013, grunnlag for permanent opphold stadfesta
14/9-2013	innvilga midlertidig oppholdsløyve for 1 (eitt) år, til 14/9-2013, grunnlag for permanent opphold stadfesta
2/1-2014	saksbehandlingsgebyret for søknad om fornya oppholdsløyve auka frå 1100 til 2500 kr (136,36 %)
7/7-2014	søknad om fornya oppholdsløyve forskriftmessig registrert på internett (www.udi.no), avtaletid først etter 36 dagar
12/8-2014	kl. 1245 Oslo politidistrikt/utlandsavsnittet for å vise pass og levere noen tilleggsdokument
	skrankedama oppgir at ein må rekne med ei behandlingstid på minimum 3 (tre) månader
	brev frå meg til Oslo politidistrikt med klage på enormt lang behandlingstid
28/8-2014	brev frå Oslo politidistrikt/91 strategisk stab opplyser at oppholdsløyvet gjelder til vedtak om nytt er gjort

Så får vi altså

11/3-2015	(5) epost frå UDI, 5. gang på 5 md. med samme merkelige innhold og stave-/rettskrivingsfeil, fortsatt i kÅ
12/3-2015	(6) epost frå UDI, "Du har fÅytt oppholdstillatelse"
For å forstå sammenhengen	
28/11-2014	(1) merkverdig epost frå UDI, reknar med 9 månader behandlingstid frå 12/8-2014, ferdig 12/5-2015? det språklige uttrykk med " sÅ,knaden, fÅ,dselsdatoen, mÅÿ vi ha, 9 mÅÿneder, vil du fÅÿ beskjed, pÅÿ: www.udi.no/saksbehandlingstider , Du kan ikke svare pÅÿ denne e-posten, Å~nsker du"

Før det kom mistenksomheten på ny til uttrykk

20/10-2014	brev frå Oslo politidistr. til Jarinah på norsk, før alle brev til meg, vil ha kopi av alle sider i Jarinahs forrige pass, som politiet har fått før ved forrige søknad, dessutan er ingen forplikta til å oppbevare gamle pass samt oversikt over alle reiser utafor Norge frå første oppholdsløyve 21/9-2012, velvilligst satt opp på grunnlag av billetter svarfrist 14 dagar umulig å overholde, ingen merknad frå politiet på at dette kan skje først 16/10-2014 (ankomst)
21/10-2014	samme brev som 13/10-2014 frå Oslo politidistrikt/A24 utlendings- & forvaltningsseksj., påstempla UDI-ARK
26/10-2014	brev frå meg til Oslo politidistrikt med diverse spørsmål om politiets brev av 20/10-2014
26/10-2014	klage frå meg til Politidirektoratet på brevet frå Oslo politidistrikt av 13/10-2014, som ber meg klage
5/11-2014	kopi av brev frå Politidirektoratet til Oslo politidistr., "saken bes gitt den oppfølging henvendelsen foranlediger"
16/11-2014	brev frå meg til Politidirektoratet, Jarinah i passkontrollen på Gardermoen fråtatt oppholdsløyvekortet kortet returnert etter at grensepolitiet beklaga feilen, det skulle aldri vore tatt frå henne, feil på feil av politiet får ho nytt oppholdsløyvekort før vi reiser på juleturen til Malaysia 23/12-2014 til 13/1-2015?
18/11-2014	brev frå meg til Oslo politidistrikt med den informasjon politiet bad om 20/10-2014
28/11-2014	(1) merkverdig epost frå UDI, reknar med 9 månader behandlingstid frå 12/8-2014, ferdig 12/5-2015? det språklige uttrykk med " sÅ,knaden, fÅ,dselsdatoen, mÅÿ vi ha, 9 mÅÿneder, vil du fÅÿ beskjed, pÅÿ: www.udi.no/saksbehandlingstider , Du kan ikke svare pÅÿ denne e-posten, Å~nsker du"

Så gikk tida med det samme

28/11-2014	brev frå meg til Oslo politidistrikt med spørsmål om monsterepost frå UDI, behandlingstida passert 142 dagar
11/12-2014	(2) ny monsterepost frå UDI, nå innleda med " SÅ,knaden din om oppholdstillatelse ligger fortsatt i kÅ," ellers samme merkverdige språklige uttrykk som epost 28/11-2014
21/12-2014	klage frå meg til Politidirektoratet, ingen reaksjon på mine klagebrev etter brevet frå Politidirektoratet 5/11-2014, behandlingstida passert 153 dagar
8/1-2015	brev frå Politidirektoratet, forsvarer alt myndighetene har gjort og stått for i denne meir og meir alvorlige farsen
10/1-2015	(3) epost frå UDI, 3. gang på 3 md. med samme merkelige innhold og stave-/rettskrivingsfeil, fortsatt i kÅ
22/1-2015	brev frå UDI til Jarinah med ein masse formalfeil
9/2-2015	(4) epost frå UDI, 4. gang på 4 md. med samme merkelige innhold og stave-/rettskrivingsfeil, fortsatt i kÅ
11/3-2015	(5) epost frå UDI, 5. gang på 5 md. med samme merkelige innhold og stave-/rettskrivingsfeil, fortsatt i kÅ